

Fylkesrådmannen

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
200802287-149/036/KBRA

Dykkar ref.:

Bergen, 20. desember 2013

Forvaltningsrevisjonen "Bruk av digitale verktøy og læremiddel i vidaregåande skule" – 2. orientering om status i høve til tiltak

Tiltaka knytt til forvaltningsrevisjonen er også teke med i Opplæringsavdelinga sin komande IKT-strategi for kompetanseheving og skuleutvikling.

Vi vil minne om tre viktige *strategiske grep* for å sikre kompetanseheving og skuleutvikling:

- **satsing på læringsprosjekt**
- **satsing på skuleleiarar**
- **satsing på digital grunnkompetanse**

Dei viktigaste tiltaka i handlingsplanen er dei som går inn under dei strategiske satsingane nemnd ovanfor.

I førre rapport omtala vi 50 læringsprosjekt som svar på tiltak i høve til punkt 3, 6, 7 og 8 i tiltaksplanen – no er talet 60. Læringsprosjekt kan ha målsettingar både innan kompetanseutvikling og skuleutvikling/satsing på skuleleiarar.

Fleire av læringsprosjekta har vore presentert mellom anna på ei samling i september med 130 personar – skuleleiarar, eKoordinatorar, ePedagogar og leiarar frå Opplæringsavdelinga. Endå fleire vil bli presentert 17. januar overfor leiarar med IKT-ansvar på skulane, og til slutt vil læringsprosjekta utgjere *kjernen* i vår felles delingsarena konferansen [Dei gode døma 27.-28. mars 2014](#). 500 lærarar og skuleleiarar frå HFK deltek på denne konferansen.

For skuleleiarar har vi oppretta ei eiga gruppe, punkt 1 i handlingsplanen, og følgjer denne tett opp med samlingar gjennom året. Ei eiga gruppe/eit eige forum med skuleleiarar er også etablert i høve til å følgje opp alle skuleleiarane innan digital grunnkompetanse og pedagogisk utviklingsarbeid, punkt 7. Verktøyet PULS er innført for å sikre resultat og tiltaksstyring ved hjelp av IKT på skulane, jamfør punkt 7.

I tilknytning til digital grunnkompetanse for elevar, lærarar og skuleleiarar, punkt 2, er ein ny nettstad etablert, og eit samarbeid med [Senter for IKT i Utdanninga](#) innan dette området er etablert. HFK har fått mykje merksemd grunna pilotarbeidet innan arbeid med digital grunnkompetanse.

Etablering av BYOD-løysinga (bring your own device) har gjort at IKT-konsulentane si rolle har vore diskutert på fleire samlingar i regi av IT-seksjonen og Opplæringsavdelinga, punkt 4. Ei grundigare evaluering av BYOD-løysinga og vidare IKT-konsulentane si rolle vil skje til våren 2014.

Svein Heggheim
Fylkesdirektør for opplæring

Linda Farestveit
Leiar seksjon skule

